

# OM FAMILIEVERNET

FAKTA // NOVEMBER // 2007

NYNORSK

**Familievernkontora er eit offentleg og gratis lågterskeltilbod til enkeltpersonar, par og familier. Alle som ønskjer det kan ta direkte kontakt med eit familievernkontor. Kontora tilbyr terapi, rådgjeving og rettleiing ved vanskar, konflikt eller krise i familien.**

Det finst 64 familievernkontor i Noreg. Av desse er omlag ein tredjedel statlege og ein del av Barne-, ungdoms og familietaten (Bufetat). Resten vert drivne av Kirkens familievern og har driftsavtaler med Bufetat. I familievernet jobbar det sosionomar, psykologar og andre faggrupper. Dei har særskilt utdanning for å jobbe med par- og familieterapi. Alle kontora er underlagt Lov om familievernkontor, og skal gi det same tilbodet uavhengig av livssyn og religion.

## Parterapi

Familievernet tilbyr parterapi til gifte, sambuande og særbuande, homofile og heterofile. Her er nokre døme på kva familievernet kan hjelpe med:

- Kommunikasjonsproblem, usemje, krancling, manglande kjensler og tausheit
- Seksuelle problem og utruskap
- Styrkje parforholdet
- Avklare om parforholdet skal halde fram eller ikkje
- Avslutte parforholdet på best mogleg måte
- Komme vidare etter brot i parforholdet
- Rusproblem hjå den eine eller begge partane
- Vald, truslar, overgrep og sjalusi
- Sjukdom eller sorgreaksjonar
- Verdi- og kulturskilnader i forholdet

Det er mogleg å komme til samtaler aleine, hvis ikkje begge partar ønskjer å stille. Familievernkontora ser gjerne at par kjem til samtale på eit tidleg tidspunkt, slik at problem ikkje festar seg.

## Familieterapi

Familieterapi er eit tilbod til familiar med konflikter mellom barn og voksne, eller mellom fleire generasjonar og familiemedlemmar. Her kan det være aktuelt å trekkje inn fleire som vert berørt til samtale. Familievernet kan:

- Styrkje foreldrekompetansen og samspelet mellom foreldre og barn
- Hjelpe familiar som lever med sjukdom/nedsatt funksjonsevne i familien
- Hjelpe familiar som har vore utsett for ei alvorleg hending eller utfordring
- Rettleie familiar i kultur-/minoritetsspørsmål
- Hjelpe familiar som lever med fysisk/psykisk vald
- Hjelpe ved seksuelt misbruk og overgrep i familien og øvrig familie
- Bistå i forhold til rusmisbruk
- Rettleie familiar ved problematiske forhold til øvrig familie/svigerfamilie
- Lage avtalar om kor barn skal bu, foreldreansvar, ferier
- Betre samarbeidet om barn med tidlegare partner
- Kjenslemessige reaksjonar etter brot i familien
- Avklare rollane i ny-familiar med «dine, mine og våre barn»
- Informasjon, råd og rettleiing

## Andre kurs og aktiviteter

- Samtalegrupper for valdsutøvarar, vitner og offer for vald.
- Kurs for einslege foreldre, lesbiske og homofile foreldre, steforeldre, kommunikasjons-kurs, samlivskurs for par og samtalegrupper.
- Familievernet driv opplysende verksemd ved skular, barnehagar, helsestasjoner, barnevern og krisesenter.
- Samlivskurset *Hva med oss* er eit gratis tilbod til foreldre med barn med nedsatt funksjonsevne. Kurset er ein møteplass der foreldre kan dele erfaringer og opplevingar, fakta og kunnskap. Du finn meir informasjon på [www.hvamedoss.no](http://www.hvamedoss.no)
- Samlivskurset *Godt samliv!* er eit gratis tilbod til nybakte foreldre. Målet er å gi støtte og inspirasjon i ein periode av livet med store endringar og utfordringer i kvardagen. Det er helsestasjonane i kommunane som har ansvaret for å arrangere kursa. Du finn meir informasjon på [www.godtsamliv.no](http://www.godtsamliv.no)

## Mekling

Mekling er pålagt både med heimel i ekteskapslova og i barnelova. Desse må til obligatorisk mekling:

- ektefeller med barn under 16 år
- sambuarar som skiljer lag og som har felles barn under 16 år ved samlivsbrotet
- einslege forsørgjarar som søker utvida barnetrygd må vise fram meklingsattest

Målet er å lage avtaler om kor barna skal bu, foreldreansvar og samvær. Familievernkontora kan tilby opptil sju timar gratis mekling totalt. Den obligatoriske meklinga er ein time, og det vert utferda meklingsattest etter denne timen. Dersom foreldra ikkje blir samde i første time, blir dei tilrådd å bruke fleire timar. Etter fire timar kan meklaren tilby tre timar til dersom det er grunn til å tru at dette fører til at foreldra blir samde om ein avtale.

## Kontaktinformasjon

Det finst familievernkontor i kvart fylke. Du kan sjølv ta kontakt med næraste kontor for hjelp, rettleiing eller råd. Meir informasjon, fleire faktaark og oversikt over familievernkontora finn du på [www.bufdir.no](http://www.bufdir.no).